



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep, 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 24 40 06
Telefon ktr.: 22 24 40 37
Telefaks: 22 24 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: Ingen

DATO: 8. mars 1996

PRIV. TIL RED.: STATSMINISTERENS PROGRAM FRAMOVER

Frå søndag 10. til tysdag 12. mars leiar statsministeren Regjeringa sin årlege budsjettkonferanse, på Halvorsbøle Hotell i Jevnaker, telefon 61 31 29 00 - telefaks 61 31 51 26. Det er høve til å fotografere ved opninga av konferansen søndag kl. 15.30, og det er pressekonferanse måndag 11. mars kl. 12.30. Det vert servert lunsj for pressefolk frå ca kl. 12.00. Statsministeren er attende i Oslo tysdag ettermiddag.

Onsdag 13. mars er statsministeren og utanriksministeren med på det toppmøtet som det på kort varsel er kalla inn til i Egypt, om fred og tryggleik i Midt-Austen. Vi kjem attende med fleire detaljar om reisa seinare.

På grunn av toppmøtet i Egypt, er NATO-generalsekretær Javier Solana si offisielle vitjing i Norge, 13. og 14. mars, utsett. Nytt tidspunkt vert fastsett seinare.

Fredag 15. mars er statsministeren gjest ved Sosialdemokratane sin partikongress i Stockholm, i Folkets Hus. Kl. 11.40 helsar ho møtet på vegner av dei utanlandske gjestene. Statsministeren er attende i Oslo same ettermiddagen. Kl. 18.00 er ho med på årsmøtet i Østfold Arbeidarparti, i Folkets Hus i Sarpsborg. Følgjet bur på Rica Saga Hotell - telefon 69 15 40 44 - telefaks 69 15 60 80.

Laurdag 16. mars held årsmøtet i Østfold Arbeidarparti fram. Statsministeren held tale kl. 10.00, og er attende i Oslo om ettermiddagen.